



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Fjordsenteret
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 57643129
sfvlpost@statsforvalteren.no
www.nasjonalparkstyre.no/naroyfjorden

Konkurransgrunnlag for kartlegging av insekt på utvalde lokalitetar langs Aurlandsfjorden

1. Oppdraget og administrative føringar

Nærøyfjorden verneområdestyre inviterer interesserte tilbydarar til å delta i konkurranse om kartlegging av insekt på utvalde lokalitetar langs Aurlandsfjorden, inkludert forslag til skjøtselstiltak og overvaking.

Verneområdestyret tek atterhald om finansiering av oppdraget.

1.1 Om oppdragsgjevar

Nærøyfjorden verneområdestyre er forvaltningsstyresmakt for Nærøyfjorden landskapsvernområde, Bleia-Storebotnen landskapsvernområde, Bleia naturreservat, Nordheimsdalen naturreservat, Grånosmyrane naturreservat og Geitanosi naturreservat. Oppgåvene til verneområdestyret er:

- Forvalte verneforskrift og anna lovverk
- Skjøtsel og tilrettelegging i verneområda
- Formidle informasjon og kunnskap om verneområda og verneverdiane.

Stølsheimen landskapsvernområde og Nærøyfjorden verneområde har felles forvaltningsknutepunkt med kontor på Fjordsenteret i Aurland. Det er tilsett verneområdeforvaltarar som er sekretærar og sakshandsamarar for verneområdestyra. Forvaltarane har ansvar for å fylgje opp vedtak fatta av styret, og fylgje opp tiltak i regi av verneområdestyret.

Du kan finne meir informasjon om Nærøyfjorden verneområdestyre på www.nasjonalparkstyre.no/naroyfjorden

Oppdragsgjevares kontaktperson:

Jorunn Ospedal Vallestad, verneområdeforvaltar
E-post: joval@statsforvalteren.no
Tlf: 97567934

Eventuelle spørsmål skal rettast til kontaktpersonen per e-post eller telefon.

1.2 Kjøpet gjeld

Arbeidet som skal utførast er kartlegging i felt, artsbestemming og utarbeiding av rapport.

Det skal hovudsakleg kartleggast trua sommarfuglar og andre insekt. Målet er å få betre oversikt over skjeldne og trua artar knytt til det opne landskapsområdet på begge sider av fjorden. I tillegg til



kartlegging av dagaktive insekt, ynskjer vi at det blir valt ut nokon område der det også blir kartlagt nattaktive insekt. Der dette ikkje allereie er gjort, skal det i tillegg kartleggast naturtypar. Det er fint om funn av interessante artar innanfor andre organismegrupper også blir registrert, men kartlegginga gjeld i hovudsak insekt. Artsfunn skal registrerast i artsobservasjonar.

Området som skal kartleggast er opne enger, naturbeitemarker og rasmarker på begge sider av Aurlandsfjorden opp til og med høgdegardane Øvste Stigen på eine sida av fjorden og Nedbergo på andre sida av fjorden. Kartlegginga er ei oppfølging og supplering av kartlegging gjennomført av Miljøfaglig Utredning i 2022. Rapporten frå denne kartlegginga finn de [her](#).

Områda som skal kartleggast er:

- Dei delane av naturbeitemarkene ned mot fjorden under Stigen som Miljøfagleg utredning ikkje kartla i 2022, spesielt engene på sørsida av Kolda-elva og nordover til tuppen av neset (Beitlasanden).
- Engene rundt høgdegardane Stigen og Øvste Stegen, med hovudvekt på Nedste Stigen, der det er forventa størst sjanse for interessante funn.
- Ståflaten og langs stien oppover mot Nedbergo
- Engene rundt høgdegarden Nedbergo
- Vetlenedbergo, Husaflaten og Vetleteigen.

[Sjå kartutsnitt her](#) med grenser for områda som skal kartleggast. Merk at dette er grove, omtrentlege grenser. De må sjølv gjere vurderingar i felt når det gjeld nøyaktig kor grensa for dei verdifulle naturtypane som er viktig å kartlegge går.

Rapporten skal i tillegg til funna også innehalde skjøtselsråd som supplerer råda gitt av Miljøfagleg Utredning i rapporten frå kartlegginga i 2022. Den skal også innehalde forslag til indikatorart(ar) og langsiktig overvåking av naturverdiane i området.

1.4 Tidsplan

Feltarbeidet skal gjennomførast sommaren 2024 og rapport leverast innan 01.03.2025.

Dette er eit relativt krevjande kartleggingsområde, og ein bør rekne med minst tre-fire kartleggingsdagar i felt. Feltarbeidet må gjennomførast i optimalt flygetidspunkt for sommarfuglartane, og under gunstige vêrforhold. Det beste tidspunktet for kartlegging vil truleg vera i overgangen juni – juli.

2 Krav til arbeidet og tildelingskriterier

2.1 Kvalifikasjonskrav

Krav til leverandøren:

- Leverandøren må kunne dokumentere erfaring frå tilsvarande oppdrag



2.2 Dokumentasjonskrav

Leverandør skal legge ved

- referansar frå tilsvarende kartleggingsarbeid og rapportskrivning.
- dokumentasjon på nødvendig fagkompetanse for personell som skal gjennomføre kartlegginga.

2.3 Generelt om leveransen

Tilbydar må ta omsyn til at det skal arbeidast i eit verna område, og fylgje dei reglar, føringar og pålegg som det fører med seg.

Leverandør held sjølv utstyr og reiskap, og har ansvar for eigen transport, kost og losji, inkludert båttransport til kartleggingsområda. Oppdragsgjevar kan om nødvendig vere behjelpelig med å skaffe kontaktinformasjon til tilbydarar av båttransport.

2.3. Kontraktsverdi

Det er estimert at den totale kontraktsverdien av tilbodet er mellom 200 000 og 300 000.

Driftsutgifter og utgifter til eventuell innleigd arbeidshjelp eller underleverandør og reisekostnader (inkl. båttransport til kartleggingsområde) skal dekkast innanfor ramma for kontraktsverdien.

2.4 Kontrakt

Avtaleforholdet vil bli regulert av Avtaledokument med vedlegg.

2.5 Tildelingskriterium

Tildelingskriterier	Vekt	Dokumentasjon
Pris	40	Pristilbod på heile oppdraget
Planløyising med framdriftsplan	60	Plan for korleis arbeidet er tenkt løyst (tidsbruk, plan for og omfang av feltarbeid, kartleggingsmetodikk og rapportskrivning etc.)

3 Reglar for gjennomføring av konkurransen

3.1 Anskaffingsprosedyre

Konkurransen vert regulert av lov og forskrift om offentlige anskaffelser. Denne anskaffelsens anslåtte verdi er under den nasjonale terskelverdi på kr 1 300 000 ekskl. mva. og er fritatt frå kunngjeringsplikta. Konkurransen blir gjennomført etter forskriftens alminnelige reglar (del I) og dei reglane som følgjer av dette konkurransegrunnlag.

3.2 Forenkla kunngjering

Konkurransen er sendt ut til minst 3 leverandørar og offentleggjort på verneområdestyret si nettside og facebookside.



3.3 Krav til levering av tilbudet

Tilbudet skal sendast til Nærøyfjorden verneområdestyre på e-post [svlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvpost@statsforvalteren.no) og merkast «Tilbud om kartlegging av insekt».

Tilbudsbrev skal innehalde fylgjande:

- Verksemda sitt namn
- Adresse
- Verksemda sitt organisasjonsnummer
- Kontaktperson med e-postadresse og telefonnummer
- Eventuelle atterhald skal gå klart fram av tilbudsbrevet.
- Dokumentasjon på kvalifikasjonskrav
- Dokumentasjon på tildelingskriterier.

4.4 Tilbudsfrist

Frist for å komme med tilbud er **9. januar 2024 kl 12.00**.

Spørsmålsfrist 6. januar 2024.

Leverandøren er ansvarleg for at sendinga kjem fram innan fristen.

Tilbudet skal vere oppdragsgjevar i hende på innleveringsadresse før utløpet av tilbudsfristen.

For seint innlevert tilbud vil bli avvist.

Tildeling vil skje innan ei veke etter tilbudsfristen.

4.5 Tildeling av kontrakt

Leverandørar som har delteke i konkurransen vil få ei skriftleg tilbakemelding om kven oppdragsgjevar vil inngå kontrakt med.